



Arkivnr: 2015/12714-15
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019

Tilskotsordningane Kunstnarstipend og Folkemusikkstipend – tilskotssum og tal på stipend i 2019

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har ei søknadsordning for kunstnarstipend innan ulike kunstfelt/-former og ei separat ordning for folkemusikkstipend. Denne saka gjeld korleis auke i desse postane i 2019 skal fordelast. Innrettinga og kriteria i desse to stipendordningane fungerer godt, og vert tilrådd vidareført slik dei var i 2018.

Det har dei siste åra vore gjort store endringar i innrettinga av kunstnarstipend, og det har vore svært stor søkjarmengde i forhold til tilgjengelege midlar. Budsjettsummen har difor vore auka noko dei siste åra, også frå 2018 – 2019. Samla er stipendsummen auka med 200 000 kroner for 2019. I 2018 vart det tildelt 12 kunstnarstipend á 30 000 kroner. For 2019 vert det tilrådd at det skal tildelast 14 kunstnarstipend á 40 000 kroner.

I budsjett for 2018 sto det 150 000 kroner på denne posten, men det vart berre delt ut stipend for 100 000 kroner slik som året før, jf vedtak i KIRU 2016. Dei unytta midlane på 50 000 kroner vart, etter vedtak i KIRU 12.09.2018 (PS 116/18), avsett på fond og overført til 2019. Slik vert det samla 150 000 kroner til føremålet i inneverande år. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at det for 2019 vert utlyst to stipend á 50 000 kroner og to stipend á 25 000 kroner.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar/ stipendordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR, særskild innsatsområde Kunstløft og satsing på immateriell kulturarv – folkemusikk og -dans.

Forslag til vedtak

1. Kunstnarstipenda skal i 2019 fordelast med 14 stipend á kroner 40 000.
2. Folkemusikkstipenda skal i 2019 fordelast slik med 2 stipend á kroner 50 000 og 2 stipend á kroner 25 000.
3. Innrettinga og kriteria i desse to stipendordningane vert tilrådd vidareført slik dei var i 2018.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.01.2019**Kunstnarstipend**

Gjeldande kriterier og innretting for folkemusikkstipend vart vedteke i KIRU 13.02.2018, PS 20/2018

I samsvar med Regional kulturplan og det prioriterte satsingsfeltet «Kunstløft» er det lagt inn ei auke i budsjettposten for kunstnarstipend på kr 200 000 i budsjettet for 2019. Det er stor søknadsmengde til stipenda, med i svært mange godt kvalifiserte søkjarar. I 2018 var det 147 søkjarar til ordninga. Det er etablert prosedyrar for omfattande fagleg medverknad utanfrå i arbeidet med tildeling av stipend (fagkomitear), og dette fungerer no godt.

Det vart i 2018 lyst ut 12 utviklingsstipend á 30 000 kroner (til saman 360 000 kroner) Kunstnarstipenda for 2019 vert tilrådd fordelt på 14 stipend á 40 000 kroner (til saman 560 000 kroner). Dei resterande 30 000 kronene vert nytta til vederlag for kunstnarar og andre som medverkar i fagkomiteane.

Elles om ordninga Kunstnarstipend

Føremål: Kunstnarstipenda skal gje kunstnarar høve til ein periode med fordjuping og / eller fagleg påfyll. Stipend skal også gje merksemd til dei utvalde kunstnarskapa.

Kunstnarstipenda skal supplere andre meir prosjektbaserte søknadsordningar ved å gje høve til å søkje midlar om å utvikle eige kunstnarskap i ein fase / periode, t.d. gjennom reise, ny kompetanse, utprøving av metodar el. utan å måtte ha utarbeidd prosjekt eller plan for ferdig kunstverk el. Det er det kreative arbeidet som vert vektlagt.

Det kan søkjast innan følgjande kategoriar, og dette fell saman med inndelinga i fagkomitear:

- Visuell kunst (inkl. kunsthandverk og design)
- Musikk
- Scenekunst (inkl. dans)
- Litteratur og film
- Anna/tverrkunstnarleg

Det visast elles til informasjon på nettsida hordaland.no: <https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/kunstnarstipend/>

.

Folkemusikkstipend

HFK sine folkemusikkstipend vart etablert og første gang utdelt i 2017. Gjeldande kriterier og innretting for folkemusikkstipend vart vedteke i KIRU 08.06.2016, PS 93/16.

I dei to åra ordninga har eksistert har det, jf. vedtak i KIRU av 08.06.16, vore utdelt eitt folkemusikkstipend på 50 000 kroner og to folkemusikkstipend (Folkemusikk Ung) á 25 000 kroner til utdeling. Folkemusikk Ung-stipenda skal gå til kandidatar under 30 år.

I budsjett for 2018 sto det 150 000 kroner på denne posten. Det vart berre delt ut stipend for 100 000 kroner slik som året før, jf. vedtak i KIRU 2016. Dei unyttede midlane på kr 50 000 vart, etter vedtak i KIRU 12.09.2018 (PS 116/18), avsett på fond og overført til 2019. Slik vert det samla 150 000 kroner til føremålet i inneverande år.

På bakgrunn av dette vert det tilrådd at det for 2019 vert utlyst to stipend á 50 000 kroner og to stipend á 25 000 kroner.

Rådet for Hardingfela.no er rådgjevande fagkomité for folkemusikkstipenda. Dei tilrår kven som skal få stipend, ut frå ei skjønsmessig vurdering av aktivitet og kvalitet.

I 2018 kom det inn 9 søknader til denne ordninga.

Elles om ordninga Folkemusikkstipend

Føremål: Satsinga skal oppmuntre til kunstnarleg utvikling og å styrke og sikre arbeid med immateriell kulturarv.

Stipenda er meint å gje høve til ein periode med fordjupning og / eller fagleg påfyll og utvikling.

Stipenda kan tildelast musikarar, songarar og dansarar og dei som arbeidar med dokumentasjon, formidling eller instrumentbygging.

Det visast elles til informasjon om ordninga på HFK si nettside <https://www.hordaland.no/nno/kultur/kunst--og-kulturutvikling/folkemusikkstipend/>